

Isdal skog- og veglag

Isdalvegen

- Justert søknad
- Gjennomføring
- Utbetaling delsum
- Skogsford

12.11.2021

Isdal felles søkte Lindås kommune om løyve for bygging av skogsveg i 2018 på felles grunn i utmark. Sameige består av 9 bruksnummer, men det er 7 av desse som står for bygging og gjennomføring av skogsvegen.

Grunnlaget for bygging av veg er for uttak av planta gran der hovuddelen står i Seljedalen som ligg mellom gardsområda Isdal og Åse. Over tid er det peika på at skogsområdet nærma seg hogstmoden alder og anslag frå NOR-Tømmer tilseier at det er ein plass mellom 15 – 20.000 kubikk som kan takast ut frå området.

Underveis er Isdal skog- og veglag etablert og veglaget fekk løyve til bygging av veg tidleg i 2019. Samstundes vart det og søkt om ei ramme for tilskott til vegbygging på inntil kr.1.600.000,-. Allereie på dette tidspunkt gjorde me endringar i traséen for skogvegen etter synfaring og samråd med skogsentreprenør (Lerøy).

Gjennomføring

Isdal skog og veglag har både vore dyktig med tilrettelegging for levering av massar til veganleggget og heldig med at det har vore stor anleggsaktivitet i nærområda, mellom anna på Knarvik. Det har ført med seg at vi har fått bygd mykje veg på relativt kort tid og det kan sjå ut til at grunnarbeidet med «hovudstammen» av vegen vert ferdigstilt no i haust (sjå vedlagt oversiktskart).

Då har vi fått etablert nærmare 2 km med veg, og kan etter kvart ta fatt på dei mindre, men også naudsynte, sidearmane til vegen. Desse sidearmane vert etablert etter konkrete vurderingar frå hogstentreprenøren.

Delsum av tilskot

På lik linje med 2020 vil me be om /søke om at det også for 2021 vert utbetalt delsum av søknadsbeløpet som er med å gje grunnlag for å kontinuerleg framdrift i gjennomføringa av veganleggget. Me ber om tilbakemelding om eventuell naudsynt dokumentasjon.

Skogsford

Som det går fram av årsmelding for 2020 har Isdal skog og veglag hatt dialog med skattestyresmaktene i høve til inntekter under opparbeiding av vegen. Det er semje mellom eigarane at under opparbeiding av vegen skal inntekter knytt til mottak av nokre type steinmassar og jord, samt sal av tømmer som står i vegtraséen nyttast til fortløpande dekning av utgifter.

Sjølv om ikkje alle sidearmar knytt til hovuddelen av vegen er bygd er det mogleg å byrje å ta ut hogstvolum i området. Veglaget har fått melding frå entreprenør at prisutviklinga i marknaden er slik at det kan nærme seg større uttak.

I den samanheng registrerer vi, (så vidt me veit) at det framleis ikkje er oppretta skogsfond-kontoar for det einsklide bruken. Til no går som nemnd innbetalingar frå NOR-tømmer til veglaget, men slik skal det ikkje halde fram når sjølve hogsten tar til. Vi ønskjer difor ei snarleg avklaring og ber om at kommunen legg til rette for eventuell naudsynt dialog for å få dette på plass.

Syfaring

I den grad det er ønskeleg med syfaring kan representat (-ar) frå veglaget stille på kort varsel.

Mvh

Hans Kristian Dolmen
Isdal skog- og veglag
91 59 04 29
hkdolmen@gmail.com

Vedlegg

- Årsmelding 2020
- Oversiktskart 12.11.2021